

MØTEINNKALLING

Valstyret

Dato: 17.03.2015 kl. – rett etter formannskapsmøte
Stad: Kommunestyresalen
Arkivsak: 12/02755
Arkivkode: 01

Forfall meldast snarast til Ann Elisabeth Nes (31 44 88 31) eller tenestetorget (31 40 88 00)

Vara møter berre ved nærare innkalling

SAKSKART			Side
Saker til behandling			
1/15	15/00389-2	Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 - stad og tid for førehandsrøysting	2
2/15	15/00389-4	Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 - oppnemning av førehandsrøystemottakarar	6
3/15	15/00389-1	Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 - stad og tid for røysting på valdagen	8
4/15	15/00389-5	Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 - utlegging av manntalet til offentleg ettersyn	10
5/15	15/00389-3	Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 - delegering av mynde	11

Hemsedal, 11.03.2015

Oddvar Grøthe
ordfører

Saker til behandling

1/15 Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 - stad og tid for førehandsrøysting

Arkivsak-dokument: 15/00389-2
Arkivkode: 010
Saksbehandler: Nina Eikre

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Valstyret	17.03.2015	1/15

Saka vert avgjort av:

Valstyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

Vallova og valforskrifta

Saksopplysningar:

Det er kommunane som har ansvaret for å leggje til rette for førehandsrøystinga innanriks. Reglane om førehandsrøystinga går fram av vallova kapittel 8 og valforskrifta kapittel 6.

Tidlegrøysting

Veljarar kan røyste innanriks frå 1. juli, såkalla tidlegrøyste. Det skal vere mogleg å tidlegrøyste fram til og med 9. august, det vil seie fram til den ordinære førehandsrøystinga startar 10. august.

Formelt vil slik "tidlegrøysting" vere ein del av førehandsrøystinga, men perioden frå 1. juli til 10. august har nemninga tidlegrøysting, og perioden frå 10. august til fredag før valdagen har nemninga ordinær førehandsrøysting. Ordninga er heimla i vallova og gjeld alle veljarar.

Tidlegrøysting er meint som ei ordning for dei som ikkje har høve til å førehandsrøyste innanfor ordinær periode eller på valdagen. Det er likevel ikkje krav om at veljaren må dokumentere at han eller ho ikkje har høve til å førehandsrøyste eller til å røyste på valdagen.

Veljarane skal ha høvet til å røyste i kva som helst kommune i landet. Det er med andre ord ikkje noko krav om at veljaren skal røyste i den kommunen han eller ho er manntalsført. Valstyret skal fortløpande sende røystene til den rette kommunen der det er aktuelt.

Veljaren kan vende seg til kommunen og be om å få røyste.

I valforskrifta heiter det at "*Valgstyret angir sted for slik stemmegivning. Valgstyret bør, så langt det lar seg gjøre, ta hensyn til velgers ønske med hensyn til tidspunkt for stemmegivning*". Det må likevel vere greitt i utgangspunktet at veljaren blir beden om å røyste innanfor ordinær

arbeidstid. Det er naturleg at valstyret kunngjer tidspunkt for tidlegrøysting. Ved førespurnad får veljaren da oppgitt desse tidspunkta for når han eller ho kan røyste.

Valforskrifta slår fast at "*Valgloven og valgforskriftens regler for forhåndsstemmer gjelder tilsvarende*". Dette inneber mellom anna at kravet til at røyster skal gjevast i "einerom og usett" gjeld tilsvarende. Ein kan bruke avlukke eller eit eige rom dersom dette er meir tenleg.

Krava til hemmeleg val skal følgjast på same måten som elles.

Hovudregelen for den ordinære førehandsrøystinga i vallova § 8-4 (2), (3) og (4) om røystesetel rett i urna gjeld ikkje. I staden er framgangsmåten for tidlegrøysting gitt i § 24 a (4) i valforskrifta. Under tidlegrøystinga skal røystesetelkonvolutt, valkort og omslagskonvolutt alltid nyttast.

Ordinære kommunevise eller fylkesvise røystesetlar er mest sannsynleg ikkje klare til 1. juli. I så fall skal avkryssingsrøystesetelen til departementet nyttast.

Ordninga med tidlegrøysting er som tidlegare nemnt tenkt ordna på ein enkel måte. Det er likevel viktig at kommunane offentleggjer at veljarane har dette høvet til å røyste, og at veljarane sjølve må vende seg til kommunen for å få den nødvendige informasjonen om når og kvar dei kan røyste.

Kravet om to røystemottakarar gjeld ikkje ved tidlegrøystinga.

Ordinær førehandsrøysting innanriks

Den ordinære førehandsrøystinga går føre seg frå og med 10. august i valåret. Førehandsrøysting kan ikkje skje seinare enn siste fredag før valdagen.

I Hemsedal har ein ved dei siste vala halde ope for førehandsrøysting i kommunehuset i tenestetorget si opningstid. I tillegg vart det ved førre val halde ope for førehandsrøysting siste laurdagen og langope siste torsdagen i perioden for førehandsrøysting.

Ettersom hovudregelen og ved førehandsrøysting er at stemmesetelen skal leggjast rett i urna, må det til ei kvar tid må vere 2 røystemottakarar tilstade ved førehandsrøysting.

Det er valstyret som avgjer kvar det skal vere mottak av førehandsrøyster. Valstyret må vurdere konkret kor mange stader det er behov for å ha mottak for førehandsrøyster i kommunen. Det same gjeld for opningstider. Lova byggjer likevel på ein føresetnad om at det i heile perioden skal vere mogleg å førehandsrøyste minst ein stad. Dette gjeld likevel berre på vanlege arbeidsdagar (måndagar–fredagar).

Bygdaheimen

Etter vallova skal det haldast førehandsrøysting på helse- og sosialinstitusjonar.

Ein kan også ta imot førehandsrøyster heime hos personar som held til i trygde- og omsorgsbustader med direkte tilknytning til institusjonar som er nemnde framafør.

Det skal haldast førehandsrøysting minst ein dag ved institusjonar. Av omsyn til dei som har kome inn sist, bør førehandsrøystinga leggjast så nært opp til valdagen som mogleg.

Ambulerande røysting

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan røyste der det blir halde førehandsrøysting, kan etter søknad til valstyret førehandsrøyste der dei held til. Valstyret fastset svarfristen for når søknaden må vere komen inn til kommunen. Søknadsfristen skal

fastsetjast til eit tidspunkt mellom tysdag og fredag den siste veka før valet. Valstyret må kunngjere ordninga med ambulerande røysting i god tid før fristen.

Om lokale for førehandsrøysting, kunngjering av tid og stad og oppnemning av røystemottakarar

Valstyret skal kunngjere tid og stad for all førehandsrøysting innanfor kommunen.

Vallova og valforskrifta stiller visse krav til dei lokala som skal nyttast til førehandsrøystinga. Det følgjer av § 8 at røystinga skal gå føre seg i eigna lokale. Dette inneber at rammene rundt førehandsrøystinga skal vere slik at veljarane kjenner seg tilfredse i situasjonen og trygge på at grunnleggjande tryggleiksrutinar blir sikra. Lokale der det blir avvikla førehandsrøysting, bør såleis ha eit visst offisielt preg.

Vidare inneheld valforskrifta § 26 ein regel om at valstyret skal leggje førehandsrøystinga til lokale som er lett tilgjengelege og der alle veljarane kan ta seg inn utan å måtte be om hjelp. Det skal vere mogleg for funksjonshemma å delta ved val på lik linje med andre veljarar.

Vurdering:

Tenestetorget i kommunehuset er godt eigna som lokale for både tidleg- og førehandsrøysting. I perioden for førehandsrøysting kan røyster takast imot i opningstida frå kl. 9 til 15. Erfaringane har vist at det ikkje er mange som har nytta tilbodet om langope på torsdagar / laurdagsope førehandsrøystemottak, men av omsyn til dei som ikkje har høve til å røyste i den ordinære opningstida bør ein halde langope minst ein torsdag og ein laurdag før valet.

Det bør avtalast med Bygdaheimen kva for dato det passar best at førehandsrøystinga ved institusjonen skal haldast. Denne dagen kan dei tilsette og dei som bur i trygde- og omsorgsbustadane og røyste om dei ønskjer det.

Fristen for når søknad om ambulerande røysting skal vere valstyret i hende bør setjast til siste tysdag før valet. Dette av omsyn til mottak av denne type røystegjeving.

Rådmannen si innstilling:

Tidlegrøysting:

Veljarar kan røyste tidleg ved å vende seg til tenestetorget og avtale tid for røystegjeving i perioden 1.juli – 9.august 2015.

Ordinær førehandsrøysting:

Førehandsrøysting i perioden 10.august – 11.september 2015 skal skje i tenestetorget i Hemsedal kommunehus i ordinær opningstid kl. 9 – 15.

I tillegg vert det halde ope for førehandsrøysting:

Laurdag 5.9.2015 kl. 10.00 – 14.00

Torsdag 10.9.2015 kl. 15.00 – 18.00

Førehandsrøysting ved Bygdaheimen:

Dag og tid for førehandsrøysting ved Bygdaheimen vert avtala med leiinga ved institusjonen og skal føregå ein dag i perioden 7. – 10.september 2015.

Ambulerande røysting:

Søknad om ambulerande røysting må vere valstyret i hende seinast tysdag 8.september 2015.

2/15 Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 - oppnemning av førehandsrøystemottakarar

Arkivsak-dokument: 15/00389-4
Arkivkode: 010
Saksbehandler: Nina Eikre

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Valstyret	17.03.2015	2/15

Saka vert avgjort av:

Valstyret

Vedlegg:

ingen

Dokument i saka:

Vallov og -forskrift

Saksopplysningar:

Valstyret nemner opp førehandsrøystemottakarane, jf. vallova §8-2 første ledd bokstav a. Valstyret må nemne opp så mange røystemottakarar som er nødvendig for å gjennomføre førehandsrøystinga på ein tilfredsstillande måte. Vallova avgrensar kva oppgåver listekandidatar kan ha ved gjennomføringa av val, listekandidatar som er ført opp på valliste ved valet kan ikkje nemnast opp til røystemottakarar i vedkomande kommune ved det valet.

Det er valstyret sitt ansvar å sørge for at røystemottakarane får den nødvendige opplæringa. Røystemottakarane må setje seg grundig inn i reglane om førehandsrøystinga.

Vallova § 8-1 femte ledd bestemmer at det skal vere to røystemottakarar til stades ved mottak av førehandsrøyster. Dette gjeld berre i den ordinære førehandsrøystingsperioden innanriks, kravet om to røystemottakarar gjeld ikkje ved tidlegrøystinga.

Kravet om to røystemottakarar blei innført samtidig med at ein fjerna bruken av røystesetelkonvolutt for veljarar som røystar i eigen kommune. Når røysta blir godkjend og lagd i urna idet ho blir avgitt, kan ho ikkje sporast tilbake. Eventuelle feil vil derfor få større konsekvensar, da dei ikkje kan rettast. At to personar er til stades, vil på denne måten auke kvaliteten på gjennomføringa. Det er også nødvendig for å sikre tilliten til valordninga og verne valfunksjonærar mot mistenkjeleggjering.

Vurdering:

Ved dei førre vala har dei tilsette i tenestetorget vorte oppnemnde som førehandsrøystemottakarar. Etter at det kom krav om to røystemottakarar vart dette for få personar, særskilt dei dagane det er røysting på Bygdaheimen og ambulerande røysting. Ein rår difor til at talet på førehandsrøystemottakarar vert auka.

Rådmannen si innstilling:

Som førehandsrøystemottakarar ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i Hemsedal 2015 nemnast opp:

Marit Huso

Marianne Fekene

Hilde Storeskar

Møyfrid Østby Larsen

Ann Elisabeth Nes

Siw Tone Vilhelmsen

Nina Eikre

Leiar i valstyret kan nemne opp fleire røystemottakarar.

3/15 Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 - stad og tid for røysting på valdagen

Arkivsak-dokument: 15/00389-1
Arkivkode: 010
Saksbehandler: Nina Eikre

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Valstyret	17.03.2015	3/15

Saka vert avgjort av:

Valstyret

Vedlegg:

ingen

Dokument i saka:

Vallova og valforskrifta

Saksopplysningar:

Vallova fastset at fylkestings- og kommunestyreval skal haldast i alle kommunar på ein og same dagen i september månad kvart fjerde år. §9-2 slår fast at Kongen fastset valdagen til ein måndag.

Kommunestyret i den einskilde kommune kan vedta at det skal haldast val også sundagen før den offisielle valdagen, men i Hemsedal gjorde kommunestyret i sak 88/14 vedtak om valdagen er 14.september 2015.

Det er valstyret som fastset opningstida for vallokala på valdage, det er likevel slik at det ikkje er høve til å fastsetje at lokala skal haldast opne utover kl. 21.00. Elles inneheld ikkje vallova reglar som regulerer røystetida, utanom at i den vedtekne opningstida skal vallokala vere opne heile tida. Det er ikkje høve til å stengje vallokala mellombels, t.d. for å ha matpause.

Vallova stiller visse krav til lokale som skal nyttast til røysting. Lokala skal vere eigna for røystemottak og dei skal vere tilgjengelege for alle veljarar. røystinga skal gå føre seg i eigna lokale. Dette inneber at rammene rundt røystinga skal vere slik at veljarane kjenner seg tilfredse i situasjonen og trygge på at grunnleggjande tryggleiksrutinar blir sikra. Lokale der det blir halde valting, bør såleis ha eit visst offisielt preg.

Veljarane skal kunne ta seg inn i vallokala utan hjelp.

Valforskrifta §§ 26 og 30 inneheld krav til god tilgjengelegheit inne i sjølve vallokala.

Tilgjengelegheit til vallokala omfattar alle tilhøve inne i vallokalet som kan påverke høvet til å røyste, mellom anna skilting/merking, framkome, logistikk, lysforhold og valutstyr som avlukke, urne og røystesetlar.

Vallova § 9-3 inneheld reglar om talet på røystestader/vallokale. Kommunestyret, eller valstyret etter delegering, avgjer kor mange røystekrinsar og dermed kor mange vallokale det skal vere i kommunen. Dersom valstyret ønskjer å gjere endringar i talet på røystekrinsar

frå førre valet, må slike vedtak gjerast innan 31. mars i valåret. Dette følgjer av føresegna om at folkeregisterstyresmakta skal orienterast om slike vedtak innan denne dato. Det er viktig å presisere at det berre skal vere eitt vallokale i kvar røystekrins.

Vurdering:

Valstyret i Hemsedal gjorde før førre val vedtak om at det skulle vere ein røystekrins i kommunen. Valdeltakinga gjekk ikkje ned som følgje av dette.

Vallokale var kommunestyresalen i kommunehuset og opningstida for røysting var 09.00 - 21.00. Valavviklinga gjekk roleg og effektivt for seg, utan vesentleg venting for veljarane eller kødanning.

Ved valet til hausten vil den nyoppussa kultursalen i kommunehuset vere klar for bruk, denne vil vere enda lettare tilgjengeleg for alle veljarar enn kommunestyresalen.

Rådmannen si innstilling:

Vallokale på valdagen måndag 14.september er kultursalen i kommunehuset.

Opningstida er kl. 09 - 21

4/15 Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 - utlegging av manntalet til offentlig ettersyn

Arkivsak-dokument: 15/00389-5
Arkivkode: 010
Saksbehandler: Nina Eikre

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Valstyret	17.03.2015	4/15

Saka vert avgjort av:

Valstyret

Vedlegg:

ingen

Dokument i saka:

Vallov og -forskrift

Saksopplysningar:

Opplysningane om bustadadresse i folkeregisteret den 30.juni i valåret blir lagt til grunn for manntalet. Alle personar med røysterett skal førast i manntalet i den kommunen der dei var registrerte som busett på denne dato.

Vallova legg til grunn at folkeregisterstyresmaktene så snart som mogleg etter skjeringsdatoen 30. juni, overfører manntalsopplysningane (rådata) til EVA (KMD sitt elektroniske valadministrasjonssystem). Kommunane får tilgang til manntalet i EVA, og kan skrive ut manntalet frå systemet. Så snart det lèt seg gjere, skal valstyret leggje manntalet ut til offentlig ettersyn, jf. vallova § 2-6 første ledd. Det er ikkje fastsett nokon bestemt dato for utlegginga, men det er ein føresetnad at det skal skje så snart det lèt seg gjere.

Manntalet kan ikkje leggjast ut på Internett, jf. folkeregistreringslova § 13.

Valstyret skal kunngjere tid og stad for utlegginga og opplyse om høvet til og framgangsmåten for å krevje feil retta, jf. vallova § 2-6.

Manntalet skal liggje ute til ettersyn til og med valdagen.

Vurdering:

Ved siste val låg manntalet ute til offentlig ettersyn i tenestetorget og i biblioteket. Det kom ikkje inn merknader til dette.

Rådmannen si innstilling:

Valmanntalet vert lagt ut til offentlig ettersyn så snart det lèt seg gjere etter 1.juli 2015.

Manntalet skal liggje ute til og med valdagen i tenestetorget i Hemsedal kommunehus og i Hemsedal folkebibliotek.

Tid og stad for utlegging vert kunngjort i samsvar med vallova §2-6.

5/15 Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 - delegering av mynde

Arkivsak-dokument: 15/00389-3
Arkivkode: 010
Saksbehandler: Nina Eikre

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Valstyret	17.03.2015	5/15

Saka vert avgjort av:

Valstyret

Vedlegg:

ingen

Dokument i saka:

Vallov og -forskrift

Saksopplysningar:

I kvar kommune skal det vere eit valstyre som blir valt av kommunestyret sjølv. Hemsedal kommunestyre valde i sak 130/12 Hemsedal formannskap som valstyre (for Stortingsvalet 2013 og) Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015.

Valstyret er ansvarleg for å førebu og gjennomføre valet på kommunalt nivå.

Når det gjeld høvet til å delegere den styringsmakta valstyret har, vil føresegnene i kommunelova gjelde. Høvet til å delegere omfattar enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

Delegering av mynde kan skje til leiaren for valstyret, eit arbeidsutval eller administrasjonssjefen. Det er likevel avgrensingar når det gjeld omfang og sakstype. Konkrete enkeltsaker kan delegerast. I tillegg er det gitt høve til delegering i "typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning". I dette siste ligg ein skranke både for kva valstyret kan delegere, og for korleis delegeringsfullmakta kan nyttast.

Det er ikkje høve til å delegere generell avgjerdsmyndighet i saker som etter sin art må reknast for å vere av prinsipiell karakter. Delegeringsvedtaket må ein lese med den avgrensinga at den som har fått delegert styringsmakt, har plikt til å gå tilbake til valstyret dersom ei enkeltsak innanfor ei generell fullmakt må seiast å ha prinsipiell karakter.

Kva som er av prinsipiell karakter, må fastsetjast ut frå karakteren av vedtaket og konsekvensane av det. Regelen gir dermed valstyret eit vidt rom for å vurdere kva som i det enkelte tilfellet er forsvarleg og formålstenleg.

Det er ikkje mogleg å gi eksakte svar på kva som kan reknast for å vere av prinsipiell karakter, slik at styringsmakta ikkje kan delegerast. Som ei rettleiing kan ein sei at saker som er av reint praktisk art, sjeldan vil ha prinsipiell karakter. Dette vil typisk vere gjeremål som å setje opp manntal, leggje det ut til allment ettersyn, kunngjeringar, lage lister over klagar, gi meldingar til veljarar og kandidatar, trykking av røystesetlar og liknande.

Prøving og godkjenning av kurante førehandsrøyster er ikkje av prinsipiell karakter og kan såleis delegerast. Men valstyret kan ikkje overlata til leiaren å utføre denne oppgåva aleine. Leiaren må gjere det saman med sekretæren i valstyret eller ein annan valmedarbeidar. Dette følgjer av regelen i valforskrifta § 35 som seier at det skal vere to personar til stades ved opning av røyster. Vidare at dersom opning av omslags- og røystesetelkonvoluttar føregår samstundes, må dette ikkje gjerast av dei same personane. Denne avgrensinga er grunnngjeven i prinsippet om hemmeleg val.

Styringsmakt som typisk vil vere av prinsipiell karakter, og som dermed ikkje kan delegerast, er til dømes å ta avgjerder om listeforslag og tilbakekalling av listeforslag skal godkjennast, og forkasting av røyster.

Denne opprekninga av døme på kva som er av prinsipiell og ikkje-prinsipiell art, er ikkje meint å vere uttømmande.

Vurdering:

Delegering av vedtaksmynde frå valstyret til valstyrets leiar og til rådmannen/valstyret sin sekretær er viktig for ei effektiv førebuing og gjennomføring av valet. Det vil lette flyten i valarbeidet fram mot kommunestyre- og fylkestingsvalet, særskilt fordi det til vanleg ikkje er politiske møter i juli og starten av august.

Rådmannen si innstilling:

Valstyret delegerer til valstyrets leiar å treffe avgjerder i enkeltsaker som ikkje er av prinsipiell karakter.

Rådmannen/valstyrets sekretær får ansvar for den praktiske tilrettelegginga for gjennomføring av Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015, i samråd med leiar i valstyret. Prøving og godkjenning av kurante førehandsrøystegjevingar delegerast til valstyrets leiar saman med valstyrets sekretær.

Alle kunnngjeringar og anna arbeid vert gjort i samsvar med vallov og –forskrift.